

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	12.03.2026	017/26
Kvam heradsstyre	19.03.2026	023/26
Kvam eldreråd	09.03.2026	008/26

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Ystebø, Jarle	Objekt:	26/620 - 1

Kommunedelplan vatn 2026 - ut på høyring

Behandling i politiske utval:

09.03.2026, KER- 008/26 Vedtak:

Kvam eldreråd tok saka til vitande

12.03.2026, FSK- 017/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentleg del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentleg del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker.

Samandrag:

Planen skal vera det overordna styringsdokumentet for Kvam herad for arbeidet innan vassforsyninga i heile kommunen. Hovudformålet med planen er å sørge for at forvaltninga av vassforsyningsanlegga i kommunen er framtidsretta og i tråd med gjeldande regelverk.

Planen skal gje grunnlag for kommunen si prioritering når det gjeld investering og drift av kommunale vassforsyningsanlegg i planperioden 2026 – 2033.

I ein slik tidshorisont veit ein av erfaring at mykje av fornyinga av infrastrukturen skjer i tilknytning til andre infrastrukturtiltak eller byggeprosjekt som kjem til undervegs. Dette kan vera prosjekt som oppstår i regi av både offentlege og private aktørar. Som eksempel på prosjekt som har hatt stor innverknad på utføring av VA-tiltak dei siste åra er nye skular, nye barnehagar og Kvammapakken. Det er vidare slik at vass- og avløpsleidningar ofte deler same grøft. Behov for oppgradering av eit avløpsanlegg kan påverka prioriteringa av tiltak på vassanlegget, og motsett.

Planen er utforma slik at tekstdelen skal ha lang varigheit, medan tiltakslista skal kunne fornyast ved behov. Det kan koma til nye tiltak eller endra prioriteringar, enten som følgje av andre prosjekt eller nye krav og behov. Det er lagt til grunn at tiltakslista skal kunne oppdaterast kvart år i samband med ordinær budsjett- og gebyrhandsaming i desember.

Kommunedelplan for vassforsyning og kart over tiltak, er laga i 2 versjonar. Ein fullversjon, og ein versjon der kritiske objekt er unnateke offentlegheita, jmf Offentleglova §24. I den versjonen som vert lagt ut for offentlig høyring, er kapitel og tiltak som omhandlar kritisk infrastruktur teke ut.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
311484	KDP Vassforsyning 2026-2033 For offentlegheita
311485	KDP Vassforsyning 2026-2033 Unntatt offentlegheita
311486	Vedlegg 1 - Hovedplankart Vassforsyning For offentlegheita
311487	Vedlegg 1 - Hovedplankart Vassforsyning Unntatt offentlegheita

09.03.2026 Kvam eldreråd

Røysting:

Kvam eldreråd var samla om å ta saka til vitande

KER- 008/26 Vedtak:

Kvam eldreråd tok saka til vitande

12.03.2026 Kvam formannskap

Røysting: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK- 017/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentlig del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil

6 veker.

Saksopplysningar:

Eksisterande Kommunedelplan for vassforsyning er utarbeida for perioden 2017 – 2024, og måtte oppdaterast.

Planprogram for kommunedelplan for vatn og avløp vart vedteke i FSK 13.03.2025, og i HST 20.03.2025.

Arbeidet med kommunedelplan vart starta opp rett etter vedtak. SWECO som ein hadde rammeavtale med, har vore engasjert som konsulent i samband med utarbeiding av planane.

Dato for ferdigstilling av planane har vorte endra mellom anna pga. oppdatering/utarbeiding av ROS-analyse som grunnlag for prioriteringar i planane. Andre større tema som har teke tid er vurderingar knytt til EU sitt nye avløpsdirektiv, vurderingar på vassverka knytt til reservevassforsyning og beredskap, samt innspel/krav frå Statsforvaltaren.

Dei 4 største, private vassverka er tilskrivne og bedne om informasjon om situasjonen og for planlagde tiltak for sine vassverk. Dei private vassverka har sjølvstendig ansvar for si drift i høve til krava i drikkevassforskrifta. Dei private vassverka har i ulik grad svara tilbake.

Hovudfokus i den nye hovudplanen er:

- Sikkerheit og beredskap i vassforsyninga
- Infrastruktur og fornying

Kommunedelplanar for vatn og avløp er utarbeida parallelt ettersom dei er har mange felles prosjekt. Eit behov for oppgradering på vassanlegget kan påverka prioriteringane av tiltak på avløpsanlegget, og vice versa.

Den gamle kommunedelplanen for vassforsyning er for perioden 2017 - 2024, og såleis utdatert. Den nye sikkerheits-situasjonen i verda har ført til eit auka fokus på beredskap og leveringssikkerheit, noko som kjem fram i tiltaka i den nye planen.

Det er mange store investeringar som må gjerast i samband med reservevassforsyning og sikring av leveringssikkerheit. Kvam vassverk må sikra dagens råvassforsyning, samt sikra ny forsyning frå alternativ vasskjelde.

Nye høgdebasseng må byggast på Kvamskogen for å sikra brannvassforsyninga og levering av reint og trygt vatn.

Det er lagt inn ein post i tiltakslista, der det er samla mange mindre prosjekt som går på fornying av leidningsanlegg i heile kommunen. I denne posten ligg det inne ca. 1% fornying av leidningsnett i kommunen. Nasjonale mål for fornying av leidningsnett er på 2%. Saman med dei andre tiltaka i planen vil me nærme oss 1,5% fornying.

Tiltaka som no er tekne inn i planen vil føre til at avgiftene vil auka ein del i åra som kjem.

Estimert kostnad for tiltaka i vassforsyningsplanen er ca. 398 mill.

Gebyrane er venta å stige med om lag 6,3 % frå 2026 til 2029. I 2030 er det venta ein markant auke på 30 %, og i 2031 er det en auke på 7,2%. For resten av planperioden er auken relativ liten, før det er forventet ein nedgang i gebyra mot slutten av perioden.

Den markante gebyraukinga i 2030 skuldast at mange prosjekt er forventet fullført og slår inn på gebyra samtidig. Ved å ha eit noko høgare gebyr i åra fram mot 2030, vil ein kunna nytta moglegheita til å bygga opp midlar på fond slik at den markante auken i 2030 vert mindre.

Rådmannen ser at det vil verta utfordrande å gjennomføra alle tiltaka som no er tekne inn i planane med den bemanninga ein har samtidig med ordinær drift. Balansen mellom drift, tiltak og prioriteringar må gjerast fortløpande for økonomiplanperiodane i samband med budsjettarbeidet.

Vurdering:

Det føreliggande planforslaget med tilhøyrande vedlegg er vurdert til å vera eit godt grunnlag for ein kommunedelplan for vassforsyning for Kvam herad.

Planforslaget er godt forankra i gjeldande regelverk, og har teke inn i seg dei utfordringane dagens samfunn står ovanfor.

Det er eit paradoks at i ein plan som me vil senda ut på offentleg høyring, må me unnta informasjon om vassverk. Dette med bakgrunn i auka fokus på tryggleik og beredskap, og at me framover i større grad må verna sentrale deler av infrastrukturen for å ivareta leveringstryggleiken. Det er difor gjort unntak for innsyn i del av planen med heimel i § 24 i offentleglova.